



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/453 - 19/21635

Saksbehandlar:  
Lennart Falkenberg-Arell  
lennart.falkenberg-arell@meland.kommune.no

28.10.2019

## Mekling om motsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard

### Bestilling av meklingsmøte

Kommunestyret i Meland kommune vedtok i sak 48/2019 at: «Meland kommune finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling m.o.t. omlegging av Bjørnestadvegen. Endeleg behandling av reguleringsplanen for Meland kyrkjegard blir utsett til det er halde meklingsmøte i tråd med plan- og bygningslova § 5-6.»

### Bakgrunn for planforslaget

Bakgrunnen for planarbeidet er kravet frå LOV-1996-06-07-32 Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) om at kommunen til ei kvar tid skal ha ledige gravplassar til 3% av innbyggjarane, jf. § 2 første ledd. Kommunen er no i den situasjon at det må etablerast nye område for utviding av gravplassen for å tilfredstille dette kravet. Det er eit ynskje frå kommunen si side at utvidinga skal romme om lag 600 graver. Tilrådinga føreset at det vert lagt til rette for parkeringsplass på høgde med arealet for utviding og ny veg opp til den nye gravplassen for å sikra universelt tilgjenge. Planarbeidet skal òg leggje til rette for at Bjørnestadvegen, som i dag går gjennom kyrkjetunet, vert lagt om.

### Vedlegg

1. Fråsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard
2. Kulturminnefaglege omsyn – Plansak Detaljregulering – Endring Meland gravplass
3. Dialogmøte Meland kyrkjegard\_16.08.2019
4. Dialogmøte Meland kyrkjegard\_07.10.2019
5. Saksframlegg med vedtak\_Reguleringsplan for Meland kyrkjegard
6. Arkeologiskrapport\_Rapport 30 2018
7. Plankart\_18.03.2019
8. Planskildring\_12.04.2019
9. Rapport\_moglegheitstudie utviding Meland kyrkjegard\_26.09.2017
10. ROS-analyse\_ versjon 2\_12.08.2019

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## **Planprosess**

### 28.05.2019-09.07.2019 – Offentleg ettersyn

Offentleg ettersyn av planforslag for utviding av Meland kyrkjegard, planid: 125602018002, vart halde i perioden 28.05.2019-09.07.2019. Hordaland fylkeskommune varsla motsegn til omlegging av Bjørnstadvegen, på grunnlag av konflikt med kulturminneinteresser.

### 16.08.2019 – Dialogmøte nr. 1

I dialogmøte 16.08.2019 vart Meland kommune og Hordaland fylkeskommune, samd om at ein ikkje kom til einigheit om løysning for Bjørnstadvegen.

### 03.09.2019 – KS vedtak i Meland kommune

Kommunestyret i Meland kommune vedtok i sak 48/2019 at ein ikkje kunne imøtekomme motsegn frå Hordaland fylkeskommune.

### 11.09.2019 – HFK vedtok varsla motsegn

*«Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner forslaget til reguleringsplan for Meland kyrkjegard er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser og fremjar motsegn til omlegging av Bjørnstadvegen. For at motsegn kan trekkast må omlegginga av Bjørnstadvegen takast ut av planen.»*

### 07.10.2019 – Dialogmøte nr.2

I dialogmøte 07.10.2019 vart Meland kommune og Hordaland fylkeskommune, samd om at ein ikkje kom til einigheit om løysning for Bjørnstadvegen.

## **Saka gjeld**

I høve til planforslaget om reguleringsplan for Meland kyrkjegard, tek usemje mellom Meland kommune og Hordaland fylkeskommune i hovudsak for seg to forhold. For det fyrste gjeld det usemje til omlegginga av Bjørnstadvegen, og for det andre gjeld det gyldigheita av motsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Vedrørande omlegging av Bjørnstadvegen, kjem det frem av *Fråsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard* (vedlegg 1) at:

*«Fylkesrådmannen meiner at planforslaget som no er lagt fram vil få ein negativ verknad på det samla kulturmiljøet som mellomalderkyrkjegarden og den listeførte kyrkja med tilhøyrande gravplass utgjær. Omlegging av Bjørnstadvegen, med trasé langs heile nordsida av den gamle gravplassen, vil ligge heilt i kant med omsynssone H570\_1, der det skal takast særleg omsyn til bevaring av kulturmiljøet. I denne omsynssona ligg Meland kyrkje, som er listeført og har nasjonal interesse. Denne omlegginga av Bjørnstadvegen vil føre til at kyrkjestaden vert inneklemt av veganlegg på alle sider og vil ha skjemmaende effekt og negativ verknad både på kyrkjegarden som kulturminne og på det samla kulturmiljøet som kyrkja og gravplassen er ein del av. Fylkesrådmannen finn at ei omlegging av Bjørnstadvegen i særskild grad vil redusere opplevingsverdiane til kulturminnet og kulturmiljøet.»*

Leiar for kultur i Meland kommune Eirik Bouwer Utne kjem med følgjande tilsvar til fylkesrådmannens overnemnde vurdering, i sin uttale *Kulturminnefaglege omsyn...* (vedlegg 2):

*«Tilkomsten til kyrkjestaden er i alle tilfelle frå vest (Holme), sør (Frekhaug) og aust (friluftsliv). Den nye vegen vil vere synleg frå vest, men ikkje sør og aust. Opplevinga av kyrkjestaden, i samspel mellom dagens kyrkjestad, mellomalderkyrkjegarden, Kyrkjestova og den øvre kyrkjegarden vert ikkje påverka av den ny vegen, med bakrunn i at aktiviteten og siktlinene ligg på aust- og sørsida av dagens kyrkje.»*

*Omlegginga av vegen vil føre til ein meir tenleg kyrkjestad og eit meir attraktivt kyrkjetun for Melandsbuen i framtida. Ulempa ved omlegging av veg til myra nord for kyrkja vert etter vår vurdering vegd opp for av fordelane ved planen, mellom anna for å sikre eit levande kyrkje- og kulturmiljø i aktiv bruk. Høva for å skape forbetring og ei positiv samfunnsutvikling ligg i samband med realisering av denne planen, som etter vår vurdering er viktig for å sikre dette viktige kulturmiljøet for framtida.»*

Når det gjeld gyldigheit av motsegna, hevdar Meland kommune at det ikkje ligg føre grunnlag for motsegn, pga manglande forankring. Pbl § 5-4 femte ledd stadfesta tydelig at:

*«Innsigelse skal begrunnes. Innsigelse fra statlig og regionalt organ skal være begrunnet i vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer.»*

I Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-2/14 kjem dette fram om grunngeving:

*«Det framgår uttrykkelig av plan- og bygningsloven § 5-4 siste ledd at innsigelser skal begrunnes.»*

*«En innsigelse skal være forankret i og begrunnet ut fra vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer. Dersom det ikke kan dokumenteres at det foreligger slike føringer, vil det ikke være grunnlag for innsigelse. Det kan for eksempel være gitt viktige føringer i lover, stortingsmeldinger, statlige planbestemmelser, statlige planretningslinjer, regionale planer og rundskriv. Innsigelsesmyndigheten må vise tydelig til hvilken nasjonal eller regional interesse innsigelsen er begrunnet i.»*

*«Det vil imidlertid ikke være tilstrekkelig som begrunnelse for en innsigelse bare å vise til generelle nasjonale eller regionale føringer som er nedfelt i dokumenter som nevnt foran. I tillegg må det gjøres en konkret vurdering av den aktuelle planen, og det må framgå og utdypes i begrunnelsen hvilke konkrete forhold i denne saken som gjør det nødvendig å fremme innsigelse.»*

Hordaland fylkeskommune seier at omlegginga av Bjørnstadvegen er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser, utan å referere til innhald i vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer.

Tabellen under, er ei oversikt over dokument som burde vore lagt til grunn som forankring av grunngevinga i Hordaland fylkeskommune si motsegn.

Nr:	Dokument:	Årstall:	Opphav:	Type:
1	St.meld. nr. 39 (1986-1987) Bygnings- og fornminnevernet	1987	Regjeringen (Brundtland II)	Stortingsmelding
2	Kulturminneloven. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, §§ 1 og 2	1978	Stortinget	Lovutdrag
3	Lov av 3. juli 1992 nr. 96 om endringer i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, §§ 1 og 2	1992	Stortinget	Lovutdrag
4	Ot.prp. nr. 51 (1991-1992) Endringer i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner	1992	Regjeringen (Brundtland III)	Odelstingsproposisjon
5	St.meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, kapittel 4 s. 57-64	2000	Regjeringen (Bondevik I)	Utdrag av stortingsmelding
6	St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner	2005	Regjeringen (Bondevik II)	Stortingsmelding
7	St.meld. nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste	2013	Regjeringen (Stoltenberg II)	Stortingsmelding
8	Kultur viser veg – Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010	1999	Hordaland fylkeskommune	Regional plan
9	PREMISS: KULTUR Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	2014	Hordaland fylkeskommune	Regional plan

Kjelde: Det regionale kulturminnevernet i Hordaland. *Mål, myter og fylkeskommunen som regional kulturminnemyndighet*. Skrevet av Ingrid Haarstad Rekkavik, ved Universitetet i Bergen, høsten 2016.

I tillegg nemnas t-4/92 og t-3/00 som er aktuelle rundskriv for vern, planlegging og forvaltninga av kulturminner og kulturmiljø ved listeførte kyrkjer.

Meland kommune meiner at Hordaland fylkeskommune må trekke sitt motsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard, pga feilaktig vurdering av omlegging av Bjørnestadvegen sin påverknad på kulturmiljøet knytt til kyrkjestaden, og fordi at vurderingsgrunnlaget i motsegna ikkje er forankra i tråd med angitt krav jf. Pbl § 5-4 femte ledd.

Med helsing

Lennart Falkenberg-Arell  
Rådgiver planforvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

- 1.Fråsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard
- 2.Kulturminnefaglege omsyn - Plansak Detaljregulering - Endring Meland gravplass
- 3.Dialogmøte Meland kyrkjegard\_16.08.2019
- 4.Dialogmøte Meland kyrkjegard\_07.10.2019

**Vedlegg:**

- 5.Saksframlegg med vedtak\_ Reguleringsplan for Meland kyrkjegard
- 6.Arkeologiskrapport\_Rapport 30 2018
- 7.Plankart\_18.03.2019
- 8.Planskildring\_12.04.2019
- 9.Rapport\_moglegheitstudie utviding Meland kyrkjegard\_26.09.2017
- 10.ROS-analyse\_ versjon 2\_12.08.2019



Lennart Falkenberg-Arell

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2055 - 19/21840

Saksbehandlar:

Eirik Bouwer Utne

eirik.utne@meland.kommune.no

22.10.2019

## Kulturminnefaglege omsyn - Plansak Detaljregulering - Endring Meland gravplass - PlanID 1256 2018 0002

Visert til dialogmøta mellom Hordaland fylkeskommune og Meland kommune den 7.10.2019, 16.8.2019 og fråsegn frå Hordaland fylkeskommune i saka.

### Kyrkjestaden som kulturmiljø

Reguleringsplanen vil bidra til å sikre Meland kyrkjestad som eit attraktivt kulturmiljø og kyrkjestad for framtida, ved mellom anna sikring og rehabilitering av tørrmurar, betre tilhøve for fotgjengarar og eit bilfritt kyrkjetun. Kyrkja vert mykje nytta til seremoniar, i tillegg til jamnlege konsertar og nokre utandørsarrangement. Oppgraderinga av kyrkjestaden vil styrke desse funksjonane, og bidra til at framtidige generasjonar kan nyte godt av ein aktiv Meland kyrkjestad i eit levande kulturmiljø og lokalsamfunn.

Vidare er kyrkjestaden eit sentralt punkt for den høge ferdsla på dei gamle kyrkjevegane i området, særleg mot Moldekleiv, Øvre Sagstad og Fosse. Desse er del av ei større oppgradering med eiga kyrkjevegmerking og informasjonstavler om kyrkjestaden og den gamle ferdsla. Dette aktualiserer kyrkjestaden for mange, og utdypar opplevingar og kunnskap om kyrkja vår.

### Om lokal kulturminneforvaltning

Når det gjeld planens påverknad på kulturmiljøet, har denne vore vurdert lokalt i høve kommunens rolle som lokal kulturminneforvaltar. Dette i tråd med dei nasjonale og regionale forventingane til at kommunane tek medansvar for lokale kulturminneomsyn, utarbeidar lokal kulturminnepolitikk og aukar kompetanse lokalt. Meland kommune vedtok sitt planprogram for kulturminneplan i 2016. I samband med kommunesamanslåing vart arbeidet omprioritert til eit kunnskapsgrunnlag i påvente av ein kulturminneplan for Alver. Denne er forventa i 2021, i høve planstrategiarbeidet til ny kommune. Sjølv om Meland kyrkje er listeført, er kyrkjestaden i heilskap eit levande lokalt kulturmiljø.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Mellomalderkyrkjegarden

Siktlinene til den gamle mellomalderkyrkjestaden og ferdselsvegane frå Dale vert oppretthaldt i planen. Riksantikvaren vurderer det slik at tiltak som følgje av reguleringsplanen ikke vil medføre fare for utilbørleg skjemming av mellomalderkyrkjestaden, jf. kulturminnelova § 3.<sup>1</sup>

Mellomalderkyrkjegarden har tidlegare vore ein underkommunisert del av kyrkjestaden, saman med dei gamle fara på vestsida av dalen. Som del av kyrkjevegprosjektet er dette no til dels betra, og vil verte utdypa i tida framover. Omlegging av Bjørnstadvegen vil ikkje påverke samanknyttinga mellom dei to kyrkjestadane.

### Omlegging av Bjørnstadvegen

Hordaland fylkeskommune viser til at ein i reguleringsplanen legg ein opp til ei omlegging av vegen, med ny trasé langs heile nordsida av den gamle gravplassen. Fylkeskommunen finn at denne omlegginga av Bjørnstadvegen i særskild grad vil redusere opplevingsverdiane til kulturminnet og kulturmiljøet, og vil vere i konflikt med kulturminneinteressene både når det gjeld nær- og fjernverknad.<sup>2</sup>

Tilkomsten til kyrkjestaden er i alle tilfelle frå vest (Holme), sør (Frekhaug) og aust (friluftsliv). Den nye vegen vil vere synleg frå vest, men ikkje sør og aust. Opplevinga av kyrkjestaden, i samspel mellom dagens kyrkjestad, mellomalderkyrkjegarden, Kyrkjestova og den øvre kyrkjegarden vert ikkje påverka av den ny vegen, med bakgrunn i at aktiviteten og siktlinene ligg på aust- og sørsida av dagens kyrkje.

Omlegginga av vegen vil føre til ein meir tenleg kyrkjestad og eit meir attraktivt kyrkjetun for Melandsbuen i framtida. Ulempa ved omlegging av veg til myra nord for kyrkja vert etter vår vurdering vegd opp for av fordelane ved planen, mellom anna for å sikre eit levande kyrkje- og kulturmiljø i aktiv bruk. Høva for å skape forbetring og ei positiv samfunnsutvikling ligg i samband med realisering av denne planen, som etter vår vurdering er viktig for å sikre dette viktige kulturmiljøet for framtida.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
leiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

<sup>1</sup> Fråsegn Hordaland fylkeskommune 28.6.2019

<sup>2</sup> Fråsegn Hordaland fylkeskommune 28.6.2019





**Mottakere:**  
Lennart Falkenberg-Arell